



*Som far – så sønn! Ein ung brusteinsleggar i Stavanger 1924. Foto: * Statsarkivet i Stavanger.*



TA DEN RING OG LA DEN VANDRE

Leiketradisjonar i Rogaland

EVA VIKESÅ WATNE

Leiken er eit vesentleg element i alle barns tilvære. Barn er ikkje gamle før dei oppdager verda ikring seg og at det finnes gjenstandar og personar å leika med. Både fantasien og røynsla preger barnet sin leik. Røyndommen gir den ytre rama; stader å leika, leikekamerater, leiketøy osv. Fantasien gir flukt over leiken, den sprenger dei grenser verkelegheita set.¹

Utsagnet «leiken er lik om innpakninga er ulik» kan gjelda for mange av dei leikane og leiketradisjonane ein finn og her i distriktet. Materialet leikene vert laga av kan endra seg frå stad til stad og i dei ulike historiske periodar og frå miljø til miljø. Fleire av leikane vi kjenner, høyrer til dei eldste i historia. Dei kan først nærast uendra fram til

mange av dei leikane som er tekne vare på i Rogaland. Dei klassiske barneleikene er i første rekkje ballen, dokka, små dyrefigurar og enkle bevegelsesleiker. Mange leike-kategoriar som ball-leik, paradis, gøymeleiker, sang- og ringleiker, spel og anna følger faste mønster og reglar frå land til land. Hovudinnhaldet kjenner ein att, men «kjært barn har mange namn» og berre innan korte avstandar i Rogaland ber same leik ulike namn.

Det er uråd å ta for seg alle desse variasjonane i eit kort oversyn. Som døme kan nemnast «gøymeleik» som frå Haugesund i nord til Egersund i sør ber så ulike namn som «Trebونیus» (Haugesund/Stavanger), «Gjømmelag» (Sandnes), «Dondra» (Gjesdal) eller «Bomma og gøyma» (Jæren).

Små variasjonar i reglane finn ein frå stad til stad, men grunnelementa er dei same. «Sånn gjør me det ikkje her» har nok vore uttalt meir enn ein gong til vitjande eller tilflyttande barn.

LEIKETØYET

Ballen – den eldste leiken?


«Om någon leksak skal utnamnast till den första och äldsta så skulle det vara bollen», hevdar den svenske forskaren Jane Fredlund.

Ein leirklump, samanklemt gras, tøyfiller, vart dei første primitive ballane. For 4000 år sidan vart ballspelande jenter avbilda på egyptiske veggmålingar. Frå same tid finn ein ballar av fletta siv og utstoppa lærballer.²

Ballspel i mange variantar finnes over heile verda. Ballen kunne kastas, sparkas eller slås med balltre. Den kan vera av stein, tre, tøy, skinn eller

Heimesydd ball frå Malmheim på Sandnes. Laga av filler og tråd, kring 1918.

*Foto: Anna Halsne * Rogaland Husflidslag.*




av ei dyreblære. «Innmaten» var gjerne garn, filler eller mose. Av ballar som er nemnde i materialet frå Rogaland finn ein «*kludaballer*»; laga av 8–10 trekanta tøyestykker av ulik farge. «*Skinnball*» – av utsletne skinnbukser og «*lærball*» av hud vart laga på same måten. «*Svineblæreball*» – laga av urinblæra til grisen som vart blåst opp og tørka. Desse kunne ein få heime på garden til dømes når julegrisen vart slakta eller på eit slakteri. Seinare finn ein «*viskelærball*» og «*rågummiball*».

Lærballer har ein funne ved utgravingar frå middelalderen i fleire norske byar. I dei islandske sagaene vert det fortalt at både gutar og menn spelar ballspel i lag, men ikkje at jentene eller kvinnene tok del.

Seinare fekk jentene eigne ball-leikar. Etter at gummiballane kom fekk ein både «*veggball*» og «*skuleball*», «*hueball*», «*trappeball*» og «*dabbeball*».

Borghild Idland f. 1914 frå Gjesdal fortel utførande om ulike ball-leiker for jenter og om fellesleik frå heimbygda:

«Skikkeleg kompakt ball til å slå med – det var gjevt å ha ein slik. Ballar var vel dei einaste ferdigkjøpte leikar me hadde. Men me hadde òg heimesyddde ballar. La meg fortelja korleis me sydde ballar: Me tok nokre filler som me «dolta» saman til ein ball, so fast og fint me kunne. Etterpå snøra me med hampatråd. Hampaband fekk me rundt alle varene me kjøpte. Gråpapir eller posar av gråpapir var alt pakka i, med hampaband rundt. Så snøra me fast og fint slik at alle kryssa vart – la meg seia på Nordpolen og Sørpolen. Etter det tok me farga ulltråd på ei stoppenål og tok til å sauma rundt frå den eine polen. Ein sauma rundt kvar hampatau slik at heile ballen vart dekt. Me sauma med forskjellige



«Mitt lille landbruk» – slik den svenske kunstnaren Carl Larson teikna det i 1906. Borna Eshjørn og Kersti leikar med kjøpte og heimelaga leiker av tre og konglar.


fargar, slik at ballen vart stripet rundt. Det var restegarn me bruka til dette. Dei var ganske fine å sjå til, men hadde liten sprett. Kjøpeballane var det mykje meir sprett i, så dei var mykje gjævare.

Hueball var noko me gjorde på skulen i friminut-ta. Då la me huene i rad, den som låg fyrst, altså til venstre var keisar. Så kom konge, dronning, prins og prinsessa, bonde og skittus. Det var alltid keisaren som byrja. Då skulle han eller ho hiva ballen i ei av huene, han kunne velja sjølv. Den som fekk ballen i hua, måtte springa og ta ballen og skrika holdt. Då måtte alle stansa og ikkje springa lenger. Den som hadde teke ballen, skulle nå prøva å stikka ein av oss. «Stikka» betyr å kasta ballen og treffa ein. Trefte han ikkje, vart han skittus og måtte byta plass. Då rykte kongen opp på keisar plass, og dei andre fylgde etter. Trefte han, var han fri, og det var den som var stukken, til å hiva ballen neste

gong. Det kunne skifta nokså fort frå keisar til skittus».

Borghild Idland gjev og ein god skildring av å **slå ball**: «Når me slo ball, var det dei to eldste guttane som valde kven dei ville ha på sitt lag. Då tok dei alltid dei flinkaste og beste fyrst. Eg og to andre jenter som var like gamle vart alltid ståande til shutt. Når me slo ballen, var det mest alltid ein som gav opp. Dei flinkaste gjorde det og sjølv. Å gje opp vil seia å hiva ballen i lufta, slik at den som skulle slå, trefte godt med «selstra», eit flatt eller rundt trestykke som var slik laga at det var godt å halda og som var bare til dette bruk. Det var om å gjera å slå hardt slik at ballen fauk langt. For alle som sto på rotta, skulle rekkja å springa til ein stein som låg i andre enden av skulegarden. Rotta var ein stein som låg i den enden me slo. På den sto me om me ikkje hadde slege ballen så langt at me tok sjansen på å nå den andre steinen utan å bli stukken. Der rotta låg,

Stall med dyr. Laga av bein frå saueføter. Frå Gjesdal. Foto: * Rogaland Husflidslag.





Gutar i uteleik. Ball-leik, kjepphest, singleband, drage, stylvter, kuleleik og fleire. Frå lese- og opplysningsboka «Orbis Pictus». Bilete er frå eit opplag frå 1840-talet.

var inne, alt utanfor var ute. Det var om å gjera å vera inne lengst mulig. Somme av gutane slo ballen så langt at dei rakk å springa både ut og inn. Slo nokon eit fint lite slag, kunne dei ute «ta hys» – ta ballen i lufta. Då vart dei inne. Om nokon var rask til å ta ballen og stikka og treffa ein av dei som sprang frå rotta, var dei inne. Det gjekk att og fram, men var det bare dei flinkaste og raskaste på eit lag, kunne dei vera inne eit heilt friminutt. Det var ikkje rart dei ikkje ville ha med oss som mest alltid slo hys).

Karakteren i ball-leiken som eit utbreidd kulturrelt felleseige kjem mellom anna fram når jentene spela «dabbe-ball» eller «Ein, to, tri olevi, fir, fem, seks olevi....(i Bergen «olivian»)). På olevi løftar ein foten og ballen vert ført under leggen. Utrykket kjem frå fransk «lever le jambe» = løfte foten.

Omlag som spretterten eller pil og bu fast

fylgde gutane når dei gjekk utom heimedøra, var veggballen – eller på 1950- og 60 talet òg dei 3 små rågummiballane – fast «påkledding» på jentene. Det var ikkje lett å dra med seg ballane utan *ballnett*. Fargerike, hekla ballnett dingla frå ei snor kring halsen og dunka mot magen når vi gjekk. Ballnetta var for det meste heimelaga, av mormor eller mor, men vi prøvde oss gjerne sjølv òg av restegarn i gilde fargar. Er dei no vekk for godt?

Leiker av ingenting

Dei mest utbreidde leikene har til alle tider vore dei heimelaga, leikene av «ingenting». Enkle naturmaterialer som tre, stein, skjell, konglar og bein var brukte som dei var eller bearbeida litt. Barnefantasien greide resten. Å leika *bondegård* høyrer til desse tidlause leikene. Ettersom barn i sine leiker nærmer seg dei vaksne sitt arbeid, har fantasi-leik med fjøs og båser av pinnar, bein og anna høyrer til dei gjevaste leikene. Dyra var av konglar, skjell, bein, tre og anna som låg nære til hands. Tilgangen på dei ulike naturmateriala har skifta frå distrikt til distrikt. Frå gutane var omlag 5–6 år byrja interessa for mekanikk for mange. I bekker og kanaler vart vasshjul og kverner sett opp.

Frå Stavanger vert det fortalt at når ein ikkje hadde «mablis»-kuler, kunne same leiken leikast med «speler». «Speler» var stykkene av knuste tallerkenar, som man måtte få «tett me' oppå» for å vinna. «Spela knapp» med bukseknappar var meget almindelig. De skulle også være «tett me' oppå» for å vinnes».

I Gjesdal vart mange fine husdyr spikka av tre. Dyr av konglar eller tre finn vi òg frå Ryfylke. Frå Jærstrendene finn vi to skildringar frå prestebarna på Hå gamle prestegard.

Prestesonen Dankert Krohn-Holm skriv i «Hå minner fra 1890-årene» om barnepiken Kristine Njølstad som ikkje berre «holdt alt i orden»: «*Men hun lekte med oss også. Hun gikk med ned i uren, og nede i en av de åpnete stengravene innredet vi stall og fjøs, kalvebinge og sauehus, og hun gjorde det levende for oss med forskjellige fargete og flekkete stener som dyr*».

20 år tidlegare, i 1872, var presten Landstad kome til Hå med sin familie. Dei kom fram om natta og i ei skildring av Andrea Landstad Breien får vi eit innblikk i bybarns møte med barna til forpaktar og på gardane ikring: «*Næste morgen, da vi kom ut i kjøkkenindgangen, sat der paa terskelen en liten pike og holdt et halmstraa for øinene og sa: «Eg kan sjaa deg!» Vi forstod ikke det sproget – saa sa hun: «Ska eg stupa sterta?» Vi skjønte intet, men dermed trillet hun som et hjul rundt nedover gaardsplassen. «Lille Martha» havde ingen bukser paa, saa vi var jo lidt forfærdet. Hun blev vor trofaste lekekamerat, vi kunde liksom ikke leke uten henne. Snart lærte vi hennes sprog, men mor sa, at inde skulde vi tale som hun og far gjorde, ute kunde vi tale slik som Marta... Følgen blev at vi talte to sprog.*

I den første tid paa Haa lekte vi med hummerklør og skjæl. Vi lavet fjøs med baaser, hummerklør blev kjørt og den lille klo ved siden av var kalv. Det var godt hummerfiske paa Haa, og for vor skyld knuste far og mor ikke klørne, men fik alikevel indholdet ut. De store, runde skjæl blev melkefad, og naar vi banket bunden ut paa dem, kunde hele skjæl staa i ringen. I det store fjøs fik vi altid en melkeskvet, så vi havde rene spiskammers langs gjerdet nedenfor huset.

Å leika butikk, leikestove og liknande langs steingardane som her er nemd er i bruk fram til i



Kulespel. «Ringtau». Engelsk teikning frå 1840-talet.

dag. Om sommaren, når dyra var ute, fekk òg fjøsa mange nye innbuarar. Og i skogholtet fanst leikehyttene.

«Sulletopp»

«En vakker dag kom så uten videre «Toppatiå»». Som barnerangler og ballar høyrer òg sulletoppa- ne til dei eldste leikene. Så langt attende som 6000 år kan ein føre tradisjonen. I det gamle Mesopotamia i byen Ur er det funne både sulletoppar og rangler av leire i graver frå ca. 4000 år f.K.³

Det er mange måtar å spela topp på. Den enklaste er å setja igang snurringa med tommel og peikefinger eller ved å tvinna ei snor ikring og dra til. Fleire snekkerverkstader i distriktet laga sulletoppar.

Frå Stavanger skriv M. Nordland om lokalprodu- serte «toppar», noko han skil klårt frå «sulle- toppane» som var utanlandske kjøpeleiker: «*De beste toppene i byen laget Torkel Dreiar nede på Jorenholmen. Det var ikke «stirrekuser» han dreide*



Det var mange fine leiker å låna hos fotografane. Desse bileta er frå kring 1900–1918. Her ser vi søskenparet Erling og Bergine Heien frå Oyna kring 1898. Det var nok første byturen. Biletet er teke hjå fotograf Körner i Stavanger. * Hå biletsamling.

den karen. «Sveibetrenå» var det mindre nøie med. De beste toppene «ylte» under full gang. De fineste het «Hollendere»; de hadde ingen flat toppflate med blank nubbe i midten, men gikk oppover som en



Ein stram kar frå Hå kring 1905.
Foto: Körner, Stavanger * Hå biletsamling.


kegle med små avsatser. Disse avsatser blev malte i forskjellige farver, så det blev et helt farvespill når toppen var «i gang» på det beste. Sulletoppene var av metall og hjemførte fra Nurnberg.»⁴



Søstrene Målfrid og Ranfrid Sandve, heime på Brusand kring 1919.

Foto: Tullin G. Bøe * Hå biletsamling.

Eit anna snurrespel med lange tradisjonar er «diabolo». Wibeke Kloster minnest eit slikt spel på Ledaal i hennar barndom. Av vaksne fekk ho fortalt at spelet var «så gammelt som huset selv».




Jomar Obrestad (f. 1920) til hest.

Foto: Pauline Wiig, Bryne * Hå biletsamling.

Spelet, som her vart kalla «diabolo» vart oppbevart i eit skåp på loftet saman med andre «kuriosa»:

«Inni der lå diabolospillet, jeg kan ikke sikkert si om det var et eller to. Det var en stor, tung tresnelle,



For bygdebarn har dyra alltid vore kjære leik Kameratar. Dette bilete er frå Hå, lastebilen kjem truleg frå Opstad.
Foto: * Hå biletsamling

Heimelaga seglbåtar ved kaien på Sør-Hidle 1929–30. Gutane i matrosdress er Bård Høie og Hans Kristensen saman med søstera Marit.

Foto: Otto Kristensen * Statsarkivet i Stavanger



mørkmalt, avrundet i endene. Den må ha vært hul og hatt åpninger, for når den var i bevegelse, laget den en slags ulende sang. Den ble satt i sving på en rem mellom to stokker, fortere og fortere inntil remmen ble strammet ut og snellen hevet seg opp i luften. Så gjaldt det å fange den igjen uten at den falt ned og bevegelsen stoppet. Det var spennende, nesten som et sirkusnummer».⁵

Slå singleband

Å rulla tønneband er òg kjend frå det gamle Egypt og Hellas. Det ein trong var eit hjul eller eit tønneband og ein pinne av tre og så var trilleturen langs gater og vegar i gang. Så gjaldt det å se kor langt ein kom utan at trillebandet falt overende.

I vårt hundreår blei dei fabrikkprodusert av galvanisert jern. Denne leiken finn ein ikkje att i dag. Det er ikkje sikkert den lenger fenger barn i dag, men ei anna forklaring kan og vera at det ikkje lenger finnes høvelege plassar for ein tønnebandtur; vegar og gater er det i det minste ikkje.

Dei som var små på slutten av 1950- og 60-talet hugser kanskje ein leikering som vart nytta på ein ny måte. I 1958 oppsto ein leikefarsott i USA, nemleg «rokkingen». Dei var av bambus, men dei finnes enno i handelen i plast. Her gjaldt det om å ha ringen i sirkulasjon så lenge som råd, og jenter i alle aldre, ja mødre med – det var god mosjon – blei ekspertar i denne «rockinga» som ein til andre tider vert ekspert i å spela «jo-jo».

Kulespel

Når gatene var begynt å bli tørre kom *klinkekulene* – eller *mablisane* – fram.

Både i antikken og i det gamle Rom spelte barn med kuler i gatene. Det vert òg fortald at keisar



*Dokkeleik i ei solhole. Karen og Ester Netland, Time ca. 1925. Foto: Peder Netland * Time Folkebibliotek.*

Augustus baud inn små gitar til å spela kulespel med seg når han var i dårleg humør.⁶

Kulene var ulike av størrelse og material så dei kunne nyttast til fleire slags spel og dei hadde ulik verdi. Kulene kunne hivast mot ein strek, eit hol eller ein sirkel. I nokre tilfelle berre trilla ein og fekk poeng for kvart hol, i andre gjaldt det å slå dei andre sine kuler vekk, som i krocket.


Barn har trilla leirkuler sjølve som så vart

*Kari Fosse har vaska dokkelede og heng dei til tork på snora. Leikehytta er ein del av ein gamal bil i bakgrunnen. Foto: * Time Folkebibliotek.*





*To glade søskenbarn, Bjørn Ølberg og Bjørn Onarheim, leikar hest og kjerre hos bestemora på Kolnes, Sola kring 1960.
Foto: Kolnes * Sola Folkebibliotek.*



*Trøbilar og rennebilar fantes i mange variantar, men her er nok to gitar frå Skurveli i Gjesdal med eit prakteksemplar. Bilete er teke i 1937, av gutane Stein og Per Kjell Madland.
Foto: * Gjesdal Folkebibliotek.*

soltørka, eller dei har nytta runde steinar. Pottemakerar kunne trille kuler og brenne ved ledig plass i omnen. Marmor- og steinkuler frå Tyskland og Holland vart etter kvart å få kjøpt. Her i Rogaland var nok fayanse-kulene (mablisane) frå Egersund Fayancefabrikk dei mest utbreidde. Men òg farga glasskuler har lange tradisjonar.

Ein «spelte mablis» eller klinka med få eller mange deltakarar. Vi har fleire detaljerte forteljningar frå Stavanger om det å «spela mablis». Bjarne Grude, fødd i 1907, gjer oss ei grei skildring:

«Mellom gaten og fortauet, som begge bare var av jord, var det en rennestein, en 4–5 cm fordykning beregnet til avløp for regnvannet. Vi grov en 8–10 cm dyp og like vid grop ved den ene kummen og satte en startstrek ved den andre. Første mann kastet så sin kule og forsøkte å treffe oppi hullet. Neste mann likeså. Den som traff oppi hullet- eller hvis ingen traff, den som kom nærmest- var ener og fikk første rett til å fortsette spillet. Med krum pekefinger ga vi den nærmeste kulen et puff og forsøkte å få den oppi hullet. Lyktes det, tok vi fatt på neste, inntil en kule ikke traff. Da var det toerens tur, og han startet selvfølgelig med den kulen som førstemann hadde feilet med og som lå nærmest hullet. Når alle kulene var kommet i hullet, beholdt vi så mange kuler som vi hadde fått oppi. På den måten vant vi kuler fra hverandre.»

Utspillet kunne også starte ved å kaste mablisen i en vegg og så lot den trille til den lå stille. Det gjaldt for medspelarane å koma dei utspelte mablisane så nær som råd: «så kunne det være håp om å spane med «storgreiba» (avstanden mellom lillefingeren og tommeltotten) eller «litlagreiba» (mellom pekefingeren og tommeltotten) fra ens egen mablis over til en av de tidligere spilleres, for da blev den hans.»⁷



Gut med kjepphest. Tresnitt av Jost Amman, 1568, «En bjelle-maker». Bjeller vart sydd på klesdraktar og var mote på denne tida. Her har guten òg bjeller på kjepphesten. (Etter Troels Lund: Daglegt Liv i Norden IV)

Iddisar


Det var ikkje berre mablis eller klinkekuler som blei omsett under kule-spelet. «Etikettane» eller «iddisane» var gode å ha i bakhånd.

Lukkeleg var den som hadde ei mor eller ein onkel i ein av hermetikkfabrikkane. Kvar fabrikk hadde eigne motiv, som over heile fylket vart eit gjevt samleobjekt.



Det er best å studera utvalet. Bilete er teke i Trondheim kring 1955.

Foto: Peerson



Stolte eigarar: Ingrid, Otto, Olga og Edel Ellingsen i hagen i Stavanger.

*Foto: * Statsarkivet i Stavanger*

Birger Tunge f.1913 i Stavanger fortel om dette bytemiddelet i samband med kulespel:

«Vi kunne nesten ikke vente til rennesteinen var tørr om våren før vi satte i gang med «**knagg å få**» og andre kulespel. Et hull ble laget i rennesteinen med skohælen, mablis- eller stålkuler ble kastet fra en bestemt avstand, og så gjaldt det å komme ned i hullet først, og siden få flest av motstanderens kuler nedi. Som vi strevde og målte med fingergrep fra tommel til lillefinger. Og som vi kjegla om de små millimeterne mellom finger og kule. Innsatsen var etiketter- eller **iddekettar**- eller mest brukt: **Iddisar**. – Disse fikk vi fra hermetikkfabrikkene, og vi hadde dem i store mengder. Lommene var smekkkfulle av bunker på ti når vi spilte, og hjemme fløt skuffene våre over. Etikettene hadde også sin egenverdi, idet vi byttet innbyrdes med de beste merkene. En King Oscar kunne således være verd f.eks. 50 Concord Canning. En særlig interessert gutt kunne godt være eier av flere tusen iddisar. En gang ble det sogar inflasjon på etikettmarkedet. Da den daværende fabrikk på den senere Frue Meieri-tomten ble utsatt for brann, kom det plutselig så mange etiketter i omløp at det spøkte for verdien av selv en King Oscar.»

Samling av iddisar gjekk føre seg over heile fylket. Fine samlingar er ennå teke vare på, både på Jæren, i Bjerkreim og andre stader. Det var råd å skriva til fabrikkane i Stavanger og spenninga var stor når posten kom. Då kunne ungane stå klar utanfor postkontoret når nokon venta i spenning på ein etterlengta pakke. Den mest aktive samletida gjekk fram til kring 1955–60.

Kjøpeleiker

I siste halvdel av forrige hundreåret kom dei opptrekkbare, mekaniske leikene av blick i sal. Dette vart snart ein omfattande masseproduksjon først og fremst i Tyskland. Leikene vart stansa ut og forma maskinelt. Omlag samstundes kom dei første «pedagogiske leikene» hit til landet; treklossar med bilder og bokstavar på.

Først i vårt eige hundreår blir leiketøy verkeleg storindustri: leikebilar, tog med skinner, fly, byggesett, kjøpedokker, dokkeutstyr, mekaniske leiker, mekano, lego og mykje meir.

Båtane

Lenge før kjøpeleikene – og alle stader – har barn leikt med båtar av bark, av vassblad, trespon og flis. Å laga barkebåtar, spikkebåtar av ei trefjøl – med og utan segl – var det berre å ordna sjølv etter behov.

Etter kvart som fargerike kjøpebåtar kom kring hundreårskiftet vart nok desse mange gutars ønskedrøm. Heilt fram mot vår tid er det seglbåtar som mest har fascinert.

Bil og tog

Som tidene skifter i dei vaksne sin verden, ser ein òg dette att i leiketøyet. Ein kan nok seia at bilen etter kvart tok over etter hesten, men i leiketøyverdenen har hesten – i ulike former – hatt ein sterk posisjon fram til i dag.

Dei første bilane som kom på markedet var Daimler og Benz i 1886 og Ford i 1910. Kring 1910 kom og dei første leiketøysbilane. Det er nok trebilane som vart mest utbreidd og på Opstad vart det laga mange. Den flottaste var nok ein lang, knallraud brannbil med stige.

Det amerikanske firmaet «Tootsie Toys» lagde små modellbilar frå 1932, Dinky Toys. Det same gjorde tyske firma som «Mrklin», og «Lehmann» og på 1940-talet «Fleischmann» og danske «Tekno». I 1956 kom ein ny «revolusjon» med «Corgi Toys» sine bilar med «riktige» vindu og innredning.⁸ Men og ein annan revolusjon på dette markedet finn ein i Stavanger med «Tomtebilane» frå Lærdal.

Tog kom seinare som leiketøy. Den første jernbanen i England kom i 1825 og dei første leiketoga ute i Europa kom på 1840-talet. Tyskland blei her leiande på markedet som med anna mekanisk leiketøy og med tinnsoldatar. På 1930-talet kom dei elektriske toga med transformator, men dei vart ikkje «vanlege» før på 1950-talet.

Tinnsoldatar

Figurar av tinn er det mindre av i det registrerte materialet frå Rogaland. Om dette skyldes at desse figurane av tinn ikkje har vore så utbreidd her, er i dag vanskeleg å seia. Ein veit imidlertid at desse tinnleikene var forholdsvis kostbare, så det var nok ikkje alle forunt å få ha sin eigen hær av tinnsoldatar.

På 1600-talet var dette leiker som fantes i den europeiske overklasse. Igjen er det Tyskland som starta med serieproduksjon. Det skjedde i Nürnberg av tinnstøyparen Hilpert i 1780.⁹

Desse første figurane var flate og graverte på begge sider. Etter kvart fikk dei konkurranse av runde figurar frå Frankrike. Men og i England, Sverige og andre land blei det støypt tinnsoldatar, dyr og meir frededelege figurar; bondegårdar med folk og bûskap, «Noas Ark» o.a. Tinnfigurane kom gjerne i seriar trygt plassert i sponøskjer.

Dokker

Med *dokka* og *leikehesten* må vi attende til dei meir «evigvarande» leikene. Dokker i mange slags material; tre, voks, leire, stein og gras. Her i Rogaland finn vi dokker av stein, «*drolsungar*», heimelaga tøydokker, klesklypedokker, «markensraller» og tredokker. Anna Molaug, Forsand fortel:

«Av leikety som vart sers laga for born minnest eg ikkje anna enn filledokker. Det var stor stas når far eller andre av dei vaksne, kom heim frå haustmarken i Stavanger med dokker til oss. Dokkene vart laga av stivt papir og fine filler. Dei kosta to, tri, opptil fem øre stykke og heitte «marknaraller»».

Frå 1840-talet kjem porselensdokkene, så dokker av pappmasjè. Kring 1900 kjem celluloiden som snart blei einerådande i dokkeproduksjonen. Dei fleste av desse eldste dokkene hadde kropp av tøy som kunne skiftast ut, mens tredokkene var massive. Med celluloiden byrja ein å støypa alle delene av kroppen i same material. Men dei var forholdsvis kalde og harde. Når den meir mjuke «*Anne-dokka*» kom, vart den mange jenters draum om å få eiga.

Dokker var gjerne laga etter populære forbilde som dronning Victoria i England eller som sangerinna Jenny Lind på 1850-talet. Damedokker som dette vart kledd i siste mote – som «Barbi» og familien i dag. Kring hundreårskiftet kom dokker som meir hadde barnet sin kropp. Dette er nok og ei gjenspeiling av at synet på barn endra seg radikalt nettopp i denne perioden. «Barn skulle få vera barn», dei skulle få læra gjennom leiken med pedagogiske leiker og den naturlege, runde barnekroppen kravde ledige, vide klær.

Kring 1910 skapte den tyske kunstnerinna Käthe Kruse ein dokketype av meir individuell

karakter. Ho ville laga eit alternativ til dei masseproduserte dokkene med å gie dei eit levande, barnleg minespel. Produksjonen blei broten av under 2. verdenskrig, men er no teken oppatt. Denne tankegangen låg nok òg bak Egersund Fayance sin produksjon av «karakterdokker» i 1920-åra, men desse dokkene slo ikkje heilt an.

Saman med dokker høyrde *dokkeutstyr*; dokkehus, klær, servise, møbler og vogner. Mykje av dette kunne ein laga heime, men for det meste er dette kjøpeleiker som lenge var for dei få. I Rogaland husflidslag si registrering finn ein eit rikt materiale av dokker og tilbehør frå kring 1880 og framover. Mange av dokkehusa er «kjøpehus», gjerne frå Opstad, men mange er og laga av ein bestefar, far eller onkel. Av dokkesenger det er teke vare på i Rogaland finn ein mange slag; rosemåla og trekvite, himmelsenger med kapper og utstyr, vogger og enkle senger av ein kasse.

Dokkevognene sin utsjånad fylgjer dei store barnevognene sine skiftande motar; korgfletta, lakksvarte trevogner med shirtingkalesjer, dei runde, «kremfarga» vognene frå 1940- og 50-talet, og sportsvogner. «*Kjærlighet-på-pinne-vogna*» er ei låg sportsvogn av tre, anten naturfarga eller svartmåla med striper i gull. Karakteristisk var eit langt stanghandtak. Ein del slike vogner er det teke vare på frå heile fylket.

Tøydokker og -dyr

Trass i tydeleg slitasje – men nok mest på grunn av den – er mange mjuke dyr og dokker tekne vare på. Blant registreringane finst dei som dokker og dokkemenn, elefanter, hundar og kaninar. Dei fleste er heimelaga, strikka eller sydd – med unntak av ein; teddybjørnen.

Det vert fortalt at den første teddybjørnen såg dagens lys i 1902. Navnet seiast den å ha fått etter den dåverande amerikanske presidenten «Teddy» Roosevelt som var invitert på ein bjørnejakt i Mississippi i 1902. Ein bjørn kom på skothald, men presidenten vegra seg for å skyta. Historia vart kjend og ein leiketøys-fabrikant i Brooklyn fekk ideen om å knytte ein leikebjørn og presidentens namn saman.

Allereie i 1880 hadde ei tysk dame starta eit lite firma som produserte mjuke dyr for sal. Ho heitte Margarete Steiff og var ramma av polio frå ho var barn. Og ho såg avisoppslag om presidenten og bjørnen og starta straks produksjon av teddybjørnar. Ein av barnerommets mest kjæraste figurar var fødd. Små gyldne bjørnar av mohair-plysj gjorde Steiff til eit internasjonalt firma. I dag er dei samleobjekt. Men både i Amerika, England og andre stader i Tyskland vart det produsert teddybjørnar. Her i Rogaland finn ein fabrikkene Teddy-Bjørn A/S frå Skudeneshavn, med produksjon frå 1957 til 1978.

Hesten

Hesten høyrer til dei eldste og gjevaste leikene. Ved utgravingar frå Bryggene i Bergen er det funne leiketøyshest av tre. Den er «flat» og liknar på dei seinare handtaka vi kjenner frå mangletre (strykejern). Høgst sannsynleg har den hatt hjul.¹⁰

Hesten finn ein i mange varianter; hestar å trille, hestar å gyngje, kjepphestar eller kort og godt små hestefigurar av tre eller leire. Mange av desse hestane blei spikka heime, mange blei kjøpte på marken. Både på Opstad og ved fleire trevarefabrikkar i Rogaland vart det produsert hestar på hjul, hestar med stall og gyngjehestar.

Til uteleik nytta ein *kjepphesten*. Å ri kjepphest er i dag mindre kjent, men allereie tresnitt frå middelalderen syner at dette var ein omtykt gutteleik. Kjepphesten er eit hestehovud sett på stang. Hovudet kunne vera kunstferdig utforma. Men denne leiken hadde òg den fordel at den kunne fås gratis i naturen så sjølv born frå den enklaste heim kunne ta seg ein ridetur med ei tilspikka fjøl på ei grein. Eit yngre utløp av leiken er det kanskje andre òg som kjenner til. På 1950- og 60 talet vart kjepphesten til motorsykkel med ei bygd grein til styre og med kvistar til gear og gass.

Gyngehesten er blitt kalla «barnekammerets statussymbol». I byrjinga fantes den nok òg berre i velståande heimer (som Ledaal) og hos fotografar. Utallige fotografi av born på flotte gyngehestar er tekne hos fotografane i Stavanger. Etter kvart vart gyngehestane fleire og i andre miljø. Omsetnaden av svarte og brune gyngehestar med påmalt seletøy og roser, men òg av stolforma gyngehestar og gyn-gane svaner fortel at det etter kvart vart mange lykkelege eigarar av hestar frå Opstad.

Kvar fekk ein leiketøy frå?

Mange av leikene var *heimelaga*. Barkebåtar, fløyter, utstyr til leikestoar, husdyr og liknande var det ingen sak å laga seg sjølv av det naturen hadde å by. Fingernemme foreldre, besteforeldre, eldre søsken og slektningar er nok opphavet til fleire av dei leikene som framleis er tekne vare på.

Mange av leikene kom heim etter *markensbesøk*; gaukar, markensraller, dokker, hestar eller andre «kjøpeleiker». År-visse marken fanst over heile landet. Salgsbuar av plankar, bord og teltduk, karusellar, dyr som skulle selgast, kaker og suppe å få kjøpt.

«På den midtre del av torget hadde salgsbodene sin plass. De var ordnet i lange rader med plass til det kjøpende publikum mellom radene. På bordet sto varene utstilt, mye leketøy, forundringspakker og indianerbøker, syskrin og jentekram, husflidsartikler og mye annet. Fornøylesavdelingen var plassert på østsiden av torgets øvre del. Det var det menasjeri, panorama, dokketeater og mye rart å se for noen øre».

Andre leiker vart kjøpte på lengre reiser og sjøfolk var det mange av i denne landsdelen. Ein del leiker vart og *bytta til seg* mot tenester eller andre varer, som til dømes «krigsfangeleikene» vart det. Og mange kom som del av spanande «*amerikapakk*». Leiker vart vunne på *basar*; ikkje minst vart mange av praktdokkene – med utstyr – erhverva slik. Fleire av dei mindre leiketøysfabrikantane i Rogaland leverte sine varer til *husfliden* sitt utsal i Stavanger og andre byar. Eller til *leikebutikkane* etter kvart som desse vaks fram. Lokale produsentar presenterte varene sine på messer og leverte etter kvart til faste grossistar og større forhandlarar. Men langt inn på 1950-talet var det råd å ta turen til Opstad, sitja i bilen og venta mens far var inne og kjøpte gyngehest. Verken hesten eller porten bleiknar så lett i minne då. Gjekk hesten sund, tok Opstad imot for reparasjon, og løsna strikken som haldt armar og bein på kjøpedokka saman, då var det å dra til «dokkedokteren» i Stavanger.

AKTIVITETSLEIKENE

Uteleik

Born har drive utallige former for uteleik gjennom tidene. Reglar og namn kan variera mykje berre

innan eit lite område, men dei reglane som gjaldt måtte fylgjast nøye. Uteleikene skifta med årstidene. «Våren var den beste av årstidene, for den hadde så mange «tier» så ungdommen fikk så mange anledninger til å «holla sjau».¹¹

Å hoppa paradís var – og er – eit sikkert varteikn. Å leika med rennebilar likeså: «Vi lagde rennebilar av ein stor smørkasse med lange bord, under fire hjul av tre; de lagde dreieren for oss når vi gikk ærend for ham. Så var det å smøre med grønnsåpe; da gikk det strykende fra toppen av Langgaten ned til Fisketorget, og i Kongstengaten yrte det av biler når været var tørt og fint. Heste-kjørerne tok hensyn til oss og holdt seg i siden av gaten; de tenkte seg vel tilbake til guttedagene når de selv satt i bilen». (Egon Rimestad, Stavanger, f. 1909)

«Tjuv og politi», «bandekrigar» og «indianer og kvit» vart det leika i både by og bygd. Egon Rimestad minnes korleis pil og bue kunne lagast: «Vi var nu blitt 5–6 år og vågde oss lenger vekk fra sentrum. Vi dro f.eks. innover Verksgaten; der lå der hermetikkfabrikker på rekke å rad. Der fikk vi krabbelør, og var vi heldige så vanket der varm røkebrisling, og det var noe for en sulten guttekropp. Der lå også en kassafabrikk og der forsynte vi oss med materiale til nye piler; alle guttene hadde buer den gang. Buen lagde vi av gamle paraplyspiler, en bunt surret vi tett med tau rundt, og det ble en bue med god spring i».

Jente- og guteleik

I dei fleste minneskildringane kjem det klart fram at gute- og jenteleik for det meste gjekk føre kvar for seg. Hinking eller paradishopping og tauhopping var for jentene, rennebilar, kjerrer og krigar for gutane. Gutane gjekk òg på stylter, og hadde



Indianare frå Sola: Hilmar Rommetvedt, Rune Dahl, Rolf M. Danielsen og Tore Pedersen, sist på 1950-talet.
Foto: Dagfinn Danielsen * Sola Folkebibliotek.

vasskall i bekken. «Om sommaren lauga vi oss, somme lærde å symja. Så lagde vi kvernkall og ymse mekaniske gogner med bekken, til dømes ein hammar som banka på ein blekkboks. Vi sprang berrføtte rundt i fjella med pil og boge». (Jørgen Skjæveland, Vikeså, Bjerkreim).

Ein leik som spesielt vert nemd som jenteleik over heile fylket var å «munka» eller å «spela stein» (Sokndal). Munking gjekk føre seg med små steinar, kuler eller små bly-«stjerner» som vert kalla «munker». Det gjaldt å «kasta disse kuler snart oppå hånden og snart ned i hånden»: (Knut Erikson, Suldal f. 1878). Samstundes som «munka» blei kasta i lufta, skulle ein kjapt fanga dei som låg på bakken.

Kjelkar og snøskeiser


«Peder Claussons gate var vårt Eldorado. Om vinteren rente vi på kjelke fra Solvang skole. Vi hadde

alle slags kjelker, fra den minste en-manns *bromlå* til lange *fiskekjelker*. Og så styrestenger *selvfølgelig*. Disse var enten «lånte» lekter fra mors tørkeplass eller dyrekjøpte bambus-stenger». (Birger Tunge, f. 1913, Stavanger). Ei anna fin kjelkerute i Stavanger var strekningen Vålandspipå og ned til Breiavatnet. Men det «beste rennet» var frå Ledaal gjennom Kleiva og vidare ned til torget. Einmannskjerkane vart kalla «*krybbe*», her låg ein på magen og styrte med føtene. Store «*nettkjelkar*» kunne ta opp til 5–6 stykker.

Snøskeiser var det mange som hadde. Dette var trestykker som var beslått med jern under. Renna på skeiser på vatna var og både for store og små. Men *skigåing* var ikkje vanleg 10–20 år inn på 1900-talet. På mange bygder vert det fortalt at skigåing ikkje forekom i deira barndom i perioden kring hundreårskiftet og heilt fram til 2. verdens-



Foran leikestova. Teikning etter Märta Starnberg 1902.



Anna Bellesen og Modhild Nordheim har kledd seg ut og står ved leikestova.

Foto: * Time Folkebibliotek.

krigen. Frå Nedstrand fortel Tore Sandsgaard: «*Dei fyste som fekk ski her i bygdli var syster mi og eg, det var i 1900. Det var ein ask som far min fekk ein mann til å laga ski av. Fyst i 20-åri var det vanleg at barn og ungdom fekk seg ski. Men snøskeiser hadde me. Dei var laga av tre, var omlag 40 cm lange og 5 cm breie og høge. Is-skeising var vanleg her lenge fyrr mi tid. Det var vanleg at barn, ungdom og eldre hadde skeiser. Det var limaskeiser eller stokkaskeiser*».

Leikeaktivitetane ute var nærmast tallause: *Gøy-meleiker* av ulike slag, *ballspel*, *slå kil*, *jeppa* («pinne av» eller «slå på kjeppa»), *blindebukk* (el. *blindingsstjuv*), «*hauk og due*», «*røvar og bonde*», «*boarar og engelskmenn*», *slå bom*, «*siste par ut*», «*tikken*», «*slå på ringen*», «*fusa*» (kasta på stikka), *bru, bru breia*, «*skjera, skjera havre*», «*tri mann i vinden*», «*ut å gå brannvakt*», «*mor får eg lov*», «*1–2–3 rødt lys*», og mange fleir.

«Pompi» eller «putti»

I Stavanger vart denne leiken kalla «pompi», på Jæren «potti» eller «putti». Spela «pompi» var hasard. Gutane smidde gjerne «pompien» sjølv av eit rektangulært trestykke som var tilspissa i eine enden og ein smal stilk oppe til å sving i gang med. Kvar av sidene på denne terningen hadde teikn med verdi, rissa eller teikna inn. «Innsatsen» det vart spela om kunne variera, men utover Jæren var dette gjerne eit familiespel og innsatsen var nøtter, rosiner ol.. På kvar av dei fire sidene sto: A = (alt), H = (halvt), N = (nichts) og P = (pompi»/«potti»), det vil seia ny innsats for den spelar som fekk P oppslått.¹²

«Skjera, skjera, havre»

«Då gjekk me i ring og song: «Skjera, skjera havre, hvem skal havren binde, det skal jeg og kjæresten min, men hvor skal jeg ham finne? Jeg så ham i gåraftes, i det klare måneskinn, når hver tar sin, så tar jeg min, så står der ein tilbake». Det måtte vera «odde», så ein blei åleina igjen. Så song me: «Det var skam, ja det var skam, ja det var retta skammå, hu Ingrid måtte i ringen så for ingen ville ha na». Så byrja me igjen, og då måtte Ingrid stå i ringen mens me song. (Tora Raustein, Randaberg, f. 1908).

«Det var og noe me kalla, «**Duene ut**». Det var helst på isen. Det var to som skulle vera hauk, dei andre stod alle på same ende av isen, og så ropa dei to: «Alle mine duer ut!» Då var det å kunna skeisa over til den andre sida, utan å bli fanga av haukane. Dei sko prøva å fanga så mange duer dei kunne. Dei som blei fanga, måtte gå ut, og haukane sko fanga alle. Det kunne me halda på med i lange tider. Når alle var fanga, var det nye som skulle vera hauker.

Når me leika «tri mann i vinden», sto me i ein sirkel to og to, men den eine stod bak den andre, og det var ein «enkemann» og ei som sko fanga han. Enkemannen kunne stilla seg opp framfor eit par, og då måtte den bakerste av dei to springa. Det kunne gå lang tid før han blei fanga.

ARBEID OG LEIK


«*Me leika mens me arbeidde*».

For dei fleste barn har leiken langt inn i dette hundreåret vore forbeholdt korte fristunder mellom skule og arbeidsplikter.

I byane og i tettstadene var det mange slags arbeid å gjera for gutar i skulealderen. Dei fleste forretningane hadde ærendsgutar med handkjerter. For mange var dette eit høve til å tjena til eigne klede medan det for andre var eit naudsynt tilskot i familieøkonomien.

Arbeidet kunne bestå i å kjøyra kassar til og frå kaien, levera varer, springa småærend for forretningar og verkstadar, eller å henta fisk på torget før skulen tok til. Avisgutar var det mange av, og i dei ulike verkstadane trongst handtlangarar. Når kolskutene la til kai i Stavanger samla ungane kol som falt på kaien i trekjerrer og selde det. «*Men det vanka og kjeft heime når desse skitne ungane kom heim.*»

Mange hadde undervisning om ettermiddagen. Om formiddagen kunne gutane gå på torget å tjena ein slant ved å bera varer; fisk og grønnsaker for husmødrene. Ein måtte ha skriftleg løyve både heime og frå skulen til dette. Løyve tok ein med til politiet som registrerte guten og ga han eit skilt med nummer på. Dette skiltet blei festa på lua.



Det gamle gatetiljøet i Stavanger hadde mange fine leikeområder for barna. Dette bilete er truleg frå 1930-åra.
Foto: * Statsarkivet i Stavanger.

Rudolf Knoph, fødd i 1894, beskriv dette frå Stavanger kring 1905 slik: «Det var med skjelvende knær at jeg, elleveåringen, gikk til «polisen» med løyve fra mor i lomma. Av henne fikk jeg penger til en sinkbøtte, som vi bar over høyre skulder når vi var «ledige». Og aldri glemmer jeg hvor stolt jeg var da jeg hadde tjent såpass at jeg kunne kjøpe min

Furrasgate i Stavanger av ein blant mange gode kjelke-bakkar.
Foto: * Statsarkivet i Stavanger.



første svarte regnfrakk, som var så stiv at den kunne stå av seg selv på golvet. Vi kunne tjene ti-tjue øre på et ærend, men en lille-julaften fikk jeg en hel krone av «ei fine dama» som jeg bar hjem juletreet for. Du så rik jeg var da».

Men òg byjentene hadde oppgåver; som trillejenter og hjelp i huset heime og med barnepass. «Jeg var mange ganger så trøtt av å vogge... Jeg måtte og passe mine småsøsken ute, og lære dem å gå. Vi brukte ikke så mye barnevogner da. Vi hadde forresten ikke råd til å kjøpe dem heller. Vi bar ungene og satte dem gjerne på et fortau mens vi hoppet paradiset eller tau». (Haldis Svendsen, Stavanger, fødd 1910).

Etter konfirmasjonen kunne ein søka teneste. Gardsungane måtte arbeida heime frå dei var små. Det var eit klart skilje mellom kvinne- og mannsarbeid. Gutane og jentene var ikkje gamle før dei kom inn i dette mønsteret. «Sjølvtykke eg me hadde lite av fritid. Me jenter dreiv ofte med songleikar, men gutane ville ikkje vera med på desse. Men me var ihop i mange slags ballspel, springe og hoppeleikar. Gutane hadde det plent betre enn eg, tykte eg. Dei vart ikkje så opphengde med barnepass. Slik som ei jente som var nest eldst i ein syskenflokk på åtte». (Marit Hadland, Time, fødd 1912)

Av arbeid om våren var ungene med å spreia hevd, plukka småstein av åkeren, skjera groer av poteter før dei blei sette ut, luka ugras i poteter og grønnsaker, tynna, vera med å molka morgon og kveld. «Ingen hadde vondt av arbeid, sa far. Eg hugsa far lærte meg å molka før eg gjekk på skule. Eg var da 7 år, og eg molka til eg var 65, då var eg passe lei. (Tora Raustein, Randaberg, fødd 1908)

Om hausten var det å skjera potetlauvet med sigd og leggja i små haugar. Å vera med i potet-

haustinga var ganske hardt arbeid. Her arbeidde ungane saman med dei vaksne. Det same gjorde dei på torvskjering. Torva blei skoren og tørka, ungane var med og bar og lødde. I slåttan var og alle med – store og små. «*Ein starta tidleg for å nytta morgondogga. Det kunne bli lange dagar for ein skulegutt. Ungane var med å kasta såter ut, kvinnene jamna fint med riva. Ein høversdag var noko av ein fest for oss ungane og me hjalp til med å dabba (trø) i sleden og å «velta onna» i løa. Høysleden hadde hjul med «drogjer» føre og høge grinder. Dei nytta me til høykjøring.*» (Alida Flesjå, Finnøy f. 1877).

Gutane tok til å slå omlag to år før dei vart konfirmerte (12 års-alder). «*Ikkje gamle karene før vi slo med stutturv. Riva og bæratoget lærte me og tidleg å bruka. Noko lett arbeid var det ikkje å bera på råhøy til lagelege turkestader.*» (Jon Hysten Solberg, Sauda, 1912).

Gjeting

«*Dage lie, sole skrie, gjetlebodno dei glea seg.*»¹³

Om mange minnest arbeidet i slåttan som tungt, men med glede, opplevde ikkje alle gjeting av dyra på same vis. For «gjetleborna» gjekk tida seint. Dei måtte gjeta frå niårsalderen til dei vart konfirmerte. For gjetleguten tok dagen til klokka 7 og varte til 7 om kvelden. Når borna var små, gjette dei to i lag, men når dei vart større, måtte dei greia seg aleine. Gjetleborna prøvde å få tida til å gå med å «munka» med nokre firkanta munkesteinar. Når borna vart større, laga dei vispar av vier om vårane. Det var mindre arbeid om vinteren på gardane. Men og då hadde ein plikter. Det kunne



Arnold Tvedten med kost og Synnøve Tvedten med vaskefille. Frå Stavanger 1917/18.

*Foto: * Statsarkivet i Stavanger.*

vera ved- og vassbering, nappa høy i høystaden og vondla til morgonsmålet for dyra. Om vinteren skar dei òg hakk som dei bar inn i fjøs og stall og dei bar vatn til dyra. «*Vi hadde jo denne forargelige høynappingen hele vinteren. Det verste arbeidet vi ble satt til å gjøre var å nappe høy.*»

Barna skulle ikkje sjå når dei slakta. Men når dei var store nok til å gjera nytte for seg fekk dei koma inn i fjøset. Då var det å dra ut dei tynne tarmene som ikkje vart nytta. Dei andre tarmene vart skylte, vende og skrapa. Og det var gjerne barnearbeid. Tarmene var til å ha pølser i.

Jente-/gutearbeid

«*Mor lærte oss jentene å strikka, eller «spøta» som me sa. Frå me var i 8–9 års alderen skulle me hjelpa*



18/09-7
Å leika er å lera. Foto: * Statsarkivet i Stavanger.

til i huset. Når me strikka, måtte dei stundom ta opp famnar med tråd som me skulle verta ferdige med til ei viss tid. Vart me ferdige før, kunne me leika eller gjer kva me ville»: (Marie Natskår, Suldal, f. 1893).

Det vart baka mykje lefser og flatbrød rundt om på gardane. Å baka var òg noko jentene måtte læra tidleg. Om dei ikkje rakk opp til bordet sto dei på ein kasse. Ellers måtte dei passa småsøsken, vaska opp og sopa golv. «Sopa golv, undrast de nok. Ja, det skal eg fortelja dykk trongst. Om vinteren sat farfar på loftet og arbeidde på tresko og river. I stova sat far gjerne og skar skav åt kyrne, om då stova ikkje var full av vogger. I kjøkenet vart det drive med baking. Det vart fyra med torv, lyng og bos». (Sigfrid Figved, Gjesdal, f. 1909). Jentene måtte og reia opp i halmsengene, dei var med å mjølka, bera vatn til dyra, karda og spinna.

Så tidleg som i 8-års alderen var det ikkje likt for gutane. Vanleg mannfolkarbeid var for tungt så tidleg, så i denne alderen hadde nok gutane ein del meir fritid. Men gutane var med i fjøset med mjølking og stell. Leiken kunne og verta ein del av arbeidet. Det å få ta del i dei vaksne sitt arbeid var gjevt. Ein fekk ansvar og det blei stolt på ein.

Ei gild oppgave for både gutar og jenter var å følge med i lamminga. I Gjesdal kalte dei dette å «finna boddo»; å sjå lammet først. Då var det å stå tidleg opp. Som løn kunne det vanka pengar eller egg. «Me fekk 10 øre for enkle og 20 øre for tvillingar i boddeløn. Eg minnest eldste bror min kjøpte ball for boddeløna eit år». (Borghild Idland, Auestad i Gjesdal, f. 1914)

Fellesskap med dei vaksne – Skumringstimen

Ein nær kontakt og eit fellesskap med vaksne gjaldt både i arbeid og i leik. Kvelds-samveret var ein



Gardsungane var i arbeid frå dei var små. Jente frå Kvilldal i Suldal gir drikke til grisen på stølen. Bilete er frå 1930-åra. Foto: * Statsarkivet i Stavanger.

viktig faktor i familielivet. Det var ei tid for å samlast, snakka og fortelja mens ein «nytta tida» med ulikt arbeid. «Praten gjekk livleg. For å spare på lyset, sat dei ofte i mørke ei stund. Dette kalla dei å «dura». (Tobias Sel, Sola, f. 1882). Rokk og vev sto på vinterstid fast i stova.

Vinterkveldane kunne daglegstova vera mest som ein verkstad. Mannfolka sat i stova og laga tresko og river og reparerte. Kvinnfolka spann, strikka, sydde og bøtte klær. Det var barne-arbeid å karda ut ulla til fine små rullar ferdige til å spinna på rokken. Borna var og med til å laga spolar til å setja i skyttelen på veven. «Det var eit gildt arbeid»:

Heller ikkje leiken var så aldersspesifikk som i dag. Opp gjennom historia har både barn og vaksne teke del i same former for leik og moro.

Det verkeleg markerte skille mellom barn og vaksne sin leik kom på slutten av forrige hundre-

året. Endringane har skjedd gradvis, først i overklasse og borgerskap og etter kvart i alle samfunnslag. Kring hundreårskiftet blei dei vaksne sin leik meir retta mot idrettskonkurransar og sport, medan borna bar vidare dei gamle fellestradisjonane.

No i dag er dette bilete igjen i ferd med å endrast. Og for barn i alle aldrar ser vi tendens mot

den organiserte leiken; sport, idrett og i eit uttall av foreningar og lag. Men fellestradisjonane er der framleis. På ein einsleg snødag her vest er vel mest det som finnes av ski, kjelkar og rennebrett framme. Julebukk-besøk fekk vi i år som før, og Lussifeiringa som i mange år såg ut til å forsvinna heilt er i framvekst både i barnehagar og som små lussifylgjer frå hus til hus.

Notar:

- 1 Bryggens Museum: Barn i historien 1984
- 2 Fredlund, J: 13
- 3 Nordland, M: 211
- 4 Fredlund, J: 17
- 5 Nordland, M: 212
- 6 Kloster, W: 39
- 7 Fredlund, J: 14
- 8 Nordland, M: 210

- 9 Fredlund, J: 36–40
- 10 Ibid
- 11 Bryggens Museum: 9
- 12 Nordland, M: 210
- 13 NEG 093/54
- 14 Nordland, M: 212
- 15 Hellemo, L: 1984

Litteratur:

Nordland, M: Stavanger og stavangerne i de hvite seils tid. 1974
Louÿs, Carl Severin Schelven: En Stavangersk Ciærone. 1868 (Faksimile 1970)
Bretteville, Turid: «Historien om Lillegull og Anne» i By og Bygd 1981–1982 (s.71–78)
Fengslenes Utsalg: Katalog over leketøyengros. 1933
Krohn-Holm, Danckert: Hå-minner fra 1890-årene (Frå bygd og by i Rogaland 19...
Norsk Etnologisk Granskning, Oslo. Følgjande spørjelister: NEG. 93/46–62. Barn i skolealder fram til konfirmasjonen. NEG. 45. Barnestell – omsorg og stell med barnet før dåpen. NEG. 46/57. Barnestell – omsorg og stell med småbarn fra dåpen til lekealder. NEG. 121/79–97,165. Hviledagen.
Rogaland i manns minne. Oslo 1970
Rogaland i nær fortid. Oslo 1983

Barn i manns minne. (red. Dalflyen, Gùdny) Oslo 1975
Kloster, Wibecke: Siste generasjon på Ledaal 1975
Hellemo, Lars: Frå torvskùrd til tingsal. Stavanger 1985.
Wold-Halvorsen, Kari-Bjørg: Litt om leketøy i eldre tid. By og Bygd 1981–82 (s.78–92)
Breien, Andrea Landstad: Erindringer fra Hå 1872–82 (Bearbeidet av Hans Th. Landstad 1990, ùpùblisert)
Sigsgaard, J. og Varnhild J. Cred: Det legede vi med.... Gam-melt legetøi i Danmark. 1982
ryggens museum: «Barn i historien» Utstill. katl. 1984
Tønnesen, Liv Kari: Slik levde småbarna før. 1982
Nordås, Thor: Jeg + kulturen min. 1980
Fredlund, Jane: «Så lekte vi». 1973
Enerstvedt, Åse: Barndom og barnekultur. Tradisjon nr. 10. 1980

Eva V. Watne

Dagleg leiar Hå gamle prestegard, kulturvernleiar i Hå kommune.

Adresse: Hå kulturkontor, 4360 Varhaug